



NORSK MEDBORGERPANEL

MEDBORGERNOTAT

Antibiotikaresistens

Kunnskap og haldningar om antibiotika
i den norske befolkninga

Silje Løseth


Silje.Loseth@uib.no

Anne Lise Fimreite

Anne.Fimreite@uib.no

Universitetet i Bergen

Februar 2024



DIGSSCORE





Medan antibiotikaresistens førebels er ei avgrensa utfordring i Noreg, er det eit aukande problem internasjonalt. Verdas helseorganisasjon har erklært AMR (antimikrobiell resistens) som ein av dei ti største folkehelseustrulane menneskeheita står ovanfor globalt (World Health Organization 2015). I dette medborgarnotatet blir det presentert ei oversikt over norske borgarar sine haldningar til og kunnskapar om antibiotika og antibiotikabruk. Det blir også sett på korleis borgarane oppfattar antibiotikaresistens samanlikna med tre andre utfordringar og kriser: framtidige terrorangrep, klimakrisa og handteringa av koronapandemien. All data som presenterast er samla inn gjennom Norsk medborgarpanel ved Digital samfunnsvitskapeleg kjernefasilitet (DIGSSCORE), Universitet i Bergen¹.

Hovudresultata kan oppsummerast slik:

- Ni av ti innbyggjarar i Noreg veit kva antibiotika verkar mot
- Rundt 40% svarer at dei har tatt antibiotika i løpet av dei siste fem åra
- Rundt 20% svarar at dei har tatt antibiotika i løpet av det siste året
- Mellom 80 og 90% oppgjev å ha god kjennskap til råd frå norske helsemyndigheiter, inkludert råd om antibiotikabruk
- Over 80% svarar at dei er bekymra for antibiotikaresistens
- Ein betydeleg del av borgarane oppgjev bekymring for antibiotikaresistens ved bruk av klarspråk heller enn fagspråk i spørsmålet
- Rundt 80% svarar at dei ikkje bekymrar seg for å smitte andre med antibiotikaresistente bakteriar
- Rundt 40% svarar at dei bekymrar seg for å sjølv bli smitta av antibiotikaresistente bakteriar
- Ein større del av norske kvinner er bekymra enn norske menn, både for å bli smitta av antibiotikaresistente bakteriar og for å smitte andre med slike bakteriar

¹ Norsk medborgerpanel, som er ein internettbasert undersøking om nordmenn sine haldningar til viktige samfunnstema, er tilgjengeleg her: uib.no/medborger

- Sannsynet for å bli smitta av antibiotikaresistente bakteriar i Europa oppfattast som klart høgast i Sør- og Aust-Europa
- Innbyggjarar i Noreg oppfattar at ansvaret for regulering av antibiotikabruk i størst grad ligg hos nasjonale fagmyndigheiter, nasjonale politiske myndigheiter, samt helsepersonell.
- Jo meir bekymra borgarane er for terrorangrep i Noreg, jo meir bekymra er dei for individuelle konsekvensar av antibiotikaresistens
- Jo meir bekymra borgarane er for klimaendringar, jo meir bekymra er dei for individuelle og nasjonale konsekvensar av antibiotikaresistens
- Jo meir tillit borgarane har til myndigheitene si handtering og beredskap for koronapandemien, jo meir bekymra er dei for individuelle og nasjonale konsekvensar av antibiotikaresistens

Data

Datagrunnlaget i dette notatet er Norsk medborgarpanel runde 23 (januar 2022), runde 25 (november 2022) og runde 26 (februar-mars 2023). Spørsmåla om antibiotika er henta frå runde 25, medan spørsmåla om terrorangrep, klimabekymring og koronapandemien er henta frå same respondentar i runde 23. I runde 25 har det vore nytta både ordinære spørsmål og eksperiment med delte utval. Sistnemnde vil seie at spørsmåla har hatt variasjon i ordlyd for dei ulike utvala. Spørsmålet om regulering av antibiotikabruk er henta frå runde 26. For å korrigere eventuelle skeivheiter i utval samanlikna med den generelle befolkninga blir vekta analyse anvendt.

Kunnskap om antibiotika og kjennskap til råd frå helsemyndigheitene

I runde 25 vart respondentane spurd om eigen bruk av antibiotika, kunnskap om antibiotika og deira kjennskap til råd frå helsemyndigheitene. Blant respondentane svarer om lag 20% at dei har tatt antibiotika det siste året, medan om lag 40% svarer at dei har tatt antibiotika i løpet av dei siste fem åra. Under halvparten oppgjev at dei ikkje har tatt antibiotika dei siste fem åra. For å måle respondentane sine kunnskarar om antibiotika får dei spørsmål om kva

antibiotika verkar mot, der riktig svar er bakterieinfeksjonar. Respondentane sine originale svar blir registrert sjølv om dei skulle gå tilbake og endre svar seinare i undersøkinga. Dette gjer at ein kan skilje mellom originalt svar og korrigert svar. Det kan for eksempel tenkjast at nokre respondentar i utgangspunktet svarer feil, men korrigerer etter å ha fått meir informasjon om antibiotika i løpet av undersøkinga. Blant respondentane svarer 92% riktig på spørsmålet om kva antibiotika verkar mot, og svarfordelinga endrar seg ikkje vesentleg når vi samanliknar endeleg svar (92%) og originalt svar (90%). Delen av riktige svar er høgare hos kvinner enn hos menn, men ein ser ingen vesentleg variasjon på tvers av aldersgrupper.

Respondentane vart også spurde om dei har kjennskap til råd om livsstil og helse frå helsemyndigheitene. Dette var eit eksperiment med tre utval der spørsmålet hadde variasjon i ordlyd for kvart utval:


1. Kjenner du til råd om livsstil og helse frå helsemyndigheitene?
2. Kjenner du til råd om livsstil og helse frå helsemyndigheitene, som for eksempel kosthaldsråd eller anbefaling om å ta influensavaksine?
3. Kjenner du til råd om livsstil og helse frå helsemyndigheitene, som for eksempel kosthaldsråd eller *anbefalingar om bruk av antibiotika*?

Sjølv om ordlyden er ulik for utvala, svarer mellom 80% og 90% av respondentane «Ja» på tvers av spørsmålstypene. Responsane varierer også lite på tvers av kjønn og aldersgrupper, men vi ser at ein noko større del av kvinner svarer at dei har kjennskap til råd om livsstil og helse enn menn.


I denne seksjonen ser vi dermed at respondentane har god kunnskap om kva antibiotika verkar mot; ni av ti nordmenn veit at antibiotika verkar mot bakterieinfeksjonar. Respondentane oppgjev også at dei kjenner godt til råd frå norske helsemyndigheiter – også om antibiotikabruk. I neste seksjon blir respondentane sine haldningar og oppfatningar rundt antibiotikaresistens nærmare utforska.

Bekymring og sannsyn for å bli smitta av antibiotikaresistente bakteriar

Eit nærliggjande spørsmål å starte med når innbyggjarane sine oppfatningar rundt antibiotika er tema, er bekymring for resistente bakteriar. Respondentane blir dermed spurd om dei bekymrar seg for å bli smitta av slike. Dei blir også spurd om dei bekymrar seg for å smitte andre med antibiotikaresistente bakteriar. Svaralternativa er «ja» eller «nei», og figurane under viser fordelinga av responsane mellom kvinner og menn. Figur 1 viser bekymring for å smitte andre med antibiotikaresistente bakteriar, medan figur 2 viser bekymring for å bli smitta av slike bakteriar.




Figur 1: Redsel for å smitte andre med antibiotikaresistente bakteriar. Respondentane blir spurd om dei nokon gong er redde for å smitte andre med antibiotikaresistente bakteriar. Figuren viser svarfordelinga mellom kvinner og menn.



Figur 2: Redsel for å bli smitta av antibiotikaresistente bakteriar. Respondentane blir spurd om dei nokon gong er redde for å bli smitta av antibiotikaresistente bakteriar. Figuren viser svarfordelinga mellom kvinner og menn.

Om lag 80% av respondentane svarer at dei ikkje bekymrar seg for å smitte andre med antibiotikaresistente bakteriar. Rundt 40% av respondentane svarer at dei bekymrar seg for å bli smitta av antibiotikaresistente bakteriar. Ein større del av kvinner er bekymra enn menn, både for å bli smitta og for å smitte andre.

Respondentane blir også spurd om kor sannsynleg dei tenker at det er å bli smitta av antibiotikaresistente bakteriar ved reise til/i Norden, Storbritannia, Sør-Europa og Aust-Europa. Svaralternativa er her konsentrert i Europa ettersom antibiotikaresistente bakteriar er vesentleg meir utbreidd i andre delar av verda. Figur 3 viser svarfordelinga for dei fire destinasjonane.



Figur 3: Oppfatta sannsyn av smitte av antibiotikaresistente bakteriar ved reiser i Europa. Respondentane blir spurd om i kor stor grad det er sannsynleg å bli smitta av antibiotikaresistente bakteriar ved reiser i/til Norden, Øst-Europa, Sør-Europa og Storbritannia. Figuren viser svarfordelinga per destinasjon.

Mellom 15% og 25% svarer at det er «sannsynleg» eller «svært sannsynleg» å bli smitta i Sør-Europa og i Aust-Europa. For Storbritannia svarer rundt 7% det same, medan prosentandelen er på omkring 3% for Norden. Risikoen for å bli smitta av antibiotikaresistente bakteriar oppfattast dermed av respondentane som klart høgast i Sør-Europa og Aust-Europa.

Oppsummert kan vi seie at ein større del av respondentane svarer at dei er meir bekymra for å bli smitta av antibiotikaresistente bakteriar enn å smitte andre med antibiotikaresistente bakteriar. Det er også ein større del av respondentane som tenker at sannsynet for å bli smitta av nemnde bakteriar er større ved reiser i/til Sør- og Aust-Europa enn reiser i/til Norden og Storbritannia. I neste seksjon blir respondentane sine bekymringar for antibiotikaresistens undersøkt i nærmare detalj.

Konsekvensar av antibiotikaresistens


Respondentane vart spurd om i kva grad dei bekymrar seg for antibiotikaresistens. For å måle eventuelle effektar av ordlyd på respondentane sine svar, anvendes eksperiment med to utval. Utvala definerast av ein tilfeldig tildeling av eitt av spørsmåla under:

1. Kor bekymra er du for antibiotikaresistens?
2. Kor bekymra er du for at antibiotika mistar sin effekt?

Den første ordlyden tek i bruk fagspråk ved at det nyttar fagomgrepet «antibiotikaresistens», medan den andre ordlyden nyttar klarspråk. Sistnemnde vil seie at spørsmålet er formulert ved bruk av dagleg tale som forklarar kva antibiotikaresistens er. Vidare vart begge utvala stilt spørsmålet etter følgjande introduksjonstekst:

Antibiotikaresistens betyr at bakteriar er motstandsdyktige mot antibiotika, dvs. at bakteriar ikkje lar seg drepe av desse legemidla. Det er eit aukande problem at bakteriar utviklar resistens mot antibiotika.


Figuren under viser svarfordelinga for begge ordlydane.




Figur 4: Bekymring for antibiotikaresistens. Figuren viser respondentane sin grad av bekymring for antibiotikaresistens for to tilfeldige utval med ulik ordlyd i spørsmålsformuleringa. Spørsmåla som vart stilt utvala var som følgjande: Utval 1: «Kor bekymra er du for antibiotikaresistens?». Utval 2: «Kor bekymra er du for at antibiotika mistar sin effekt?»

I begge utvala svarer over 80% at dei er «noko bekymra», «bekymra» eller «svært bekymra». Det ser likevel ut til at ordlyden har betydning for respondentane sine svar. Ein større del av respondentane svarer at dei er «svært bekymra» ved bruk av klarspråk framfor fagspråk i spørsmålsformuleringa.

I eit nytt eksperiment blir respondentane så spurde om kor alvorleg «antibiotikaresistens» eller «at antibiotika mistar sin effekt» vil vere for dei sjølv, for Noreg og for verda. Figurane under viser oppgjeven alvorlegheitsgrad på individuelt, nasjonalt og globalt nivå for dei to ordlydane.




Figur 5: Oppfatta alvorlegheitsgrad av antibiotikaresistens på individuelt nivå. Figuren viser respondentane sin oppfatta alvorlegheitsgrad av antibiotikaresistens for seg sjølv. Dette var eit eksperiment med to tilfeldige utval med ulike ordlyd i spørsmålsformuleringa. Spørsmåla som vart stilt utvala var som følgjande: Utval 1: «Kor alvorleg vil antibiotikaresistens vere for deg?». Utval 2: «Kor alvorleg vil det vere at antibiotika mistar sin effekt for deg?»



Figur 6:

Oppfatta alvorlegheitsgrad av antibiotikaresistens på nasjonalt nivå. Figuren viser respondentane sin oppfatta

alvorlegheitsgrad av antibiotikaresistens for Noreg. Dette var eit eksperiment med to tilfeldige utval med ulike ordlyd i spørsmålsformuleringa. Spørsmåla som vart stilt utvala var som følgjande: Utval 1: «Kor alvorleg vil antibiotikaresistens vere for Noreg?». Utval 2: «Kor alvorleg vil det vere at antibiotika mistar sin effekt for Noreg?»



Figur 7: Oppfatta alvorlegheitsgrad av antibiotikaresistens på globalt nivå. Figuren viser respondentane sin oppfatta alvorlegheitsgrad av antibiotikaresistens for verda. Dette var eit eksperiment med to tilfeldige utval med ulike ordlyd i spørsmålsformuleringa. Spørsmåla som vart stilt utvala var som følgjande: Utval 1: «Kor alvorleg vil antibiotikaresistens vere for verda?». Utval 2: «Kor alvorleg vil det vere at antibiotika mistar sin effekt for verda?»

Frå desse figurane ser vi at delen av respondentar som svarer «svært alvorleg» aukar frå omtrent 20% for individuelt nivå til rundt 50% for nasjonalt nivå til nesten 80% for globalt nivå.

Det vil seie at den oppfatta alvorlegheitsgrada av antibiotikaresistens aukar betrakteleg jo meir generelt trusselnivået blir.

Vidare ser vi også her at ordlyden ser ut til å påverke korleis respondentane svarer. Ved bruk av klarspråk framfor fagspråk oppgjev ein større del av respondentane både «alvorleg» eller «svært alvorleg» på individuelt, nasjonalt og globalt nivå. Effekten av ordlyden gjeld med andre ord for alle variantane av spørsmålet.


Vi har sett at folk er meir bekymra for antibiotikaresistens jo meir generell trusselen blir, og at trusselen oppfattast som meir alvorleg ved bruk av klarspråk framfor fagspråk i spørsmålet.

Ettersom trusselen oppfattast som meir alvorleg på globalt nivå enn lokalt nivå, er det interessant å undersøke kvar medborgarane meiner at ansvaret for å regulere antibiotikabruk ligg. Medborgarane vart stilt følgjande spørsmål:

I kor stor grad meiner du følgjande har ansvar for å regulere antibiotikabruk?

- Lokale myndigheiter (kommunar)
- Den enkelte sjølv
- EU
- Verdas helseorganisasjon (WHO)
- Nasjonale politiske myndigheiter
- Legar/anna helsepersonell/veterinærer
- Nasjonale fagmyndigheiter (som Helsedepartementet, Helsedirektoratet, FHI, Landbruks- og matdepartementet, Mattilsynet, Veterinærinstituttet)

Svaralternativa graderast frå 1: «Ikkje i det hele tatt» til 5: «I svært stor grad». I grafen under visast den gjennomsnittlege graden av ansvar som medborgarane meiner at dei ulike aktørane har for regulering av antibiotikabruk.



Figur 8: Ansvar for å regulere antibiotikabruk. Figuren viser den gjennomsnittlige graden av ansvar som medborgerane meiner at ulike aktørar har for å regulere antibiotikabruk. Svaralternativa graderast frå 1: «Ikke i det hele tatt» til 5: «I svært stor grad».

Ifølgje medborgerane, ligg hovudtyngda av ansvaret for regulering av antibiotikabruk på nasjonale fagmyndigheiter, og legar/ anna helsepersonell/ veterinærar. I tillegg opplevast nasjonale politiske myndigheiter og verdas helseorganisasjon (WHO) å ha ein «stor grad» av ansvar for reguleringa. Desse resultatane tydar på at antibiotikaresistens er eit problem som norske innbyggjarar ynskjer at skal regulerast på eit høgt nivå og i hovudsak av fagmyndigheiter.

For å få ein djupare forståing av norske medborgerar sine haldningar til antibiotikaresistens, er det også interessant å undersøke korleis desse samvarierer med haldningar til andre kriser. Er det for eksempel slik at dei som er bekymra for ei type krise også er bekymra for andre kriser? Dette vil bli utforska nærmare i neste seksjon av notatet.

Antibiotikaresistens og andre kriser

Som nemnt innleiingsvis er AMR rekna som ei av dei ti største folkehelseusurene menneskeheita står ovanfor. I denne seksjonen undersøker vi forholdet mellom oppfatta

alvorlegheitsgrad av antibiotikaresistens og haldningar til tre andre kriser og utfordringar. Vi vil sjå nærmare på om det er slik at nokon er meir bekymra for kriser og andre utfordringar enn andre. Krisene vi ser nærmare på er: framtidige terrorangrep i Noreg, klimaendringar og koronapandemien. Bekymring for framtidige terrorangrep er ikkje i seg sjølv ei krise, men kan karakteriserast som ei potensiell krise. Skulle eit terrorangrep inntreffe er det ofte valdsame hendingar med potensielt store og dramatiske konsekvensar. Klimaendringar er ei krise som inntreff med full effekt i framtida. I likskap med AMR er klimakrisa ei såkalla saktebrennande krise som vi først ser dramatiske konsekvensar av ein gong i framtida. Koronapandemien er på den andre sida ei krise som traff verda omtrent utan forvarsel. Pandemien hadde ei dramatisk utvikling, men det vart også funne og gjort tiltak som handterte krisa og normaliserte situasjonen relativt raskt. For å sjå nærmare på samanhengen mellom respondentane sine oppfatningar av dei fire krisene, kryssast deira svar om oppfatta alvorlegheitsgrad av antibiotikaresistens med deira haldningar til framtidige terrorangrep, klimaendringar og handteringa av koronapandemien.

Bekymring for antibiotikaresistens og terrorangrep

Vi startar med å sjå på korleis oppfatta alvorlegheitsgrad av antibiotikaresistens på individuelt, nasjonalt og globalt nivå samvarierer med graden for bekymring for eit nytt terrorangrep i Noreg. Som nemnt tidlegare vart spørsmåla om antibiotika stilt i runde 25 av Norsk medborgarpanel, medan spørsmåla om dei resterande krisene vart stilt til dei same respondentane i runde 23. Spørsmålet om framtidige terrorangrep var formulert på følgjande vis:

I kor stor grad er du redd for at vi skal oppleve eit nytt terrorangrep i Noreg?

Tabellen under viser korleis den oppfatta alvorlegheitsgrada av antibiotikaresistens samvarierer med graden av bekymring for framtidige terrorangrep i Noreg. Tabellen er delt i

tre panel, eitt for kvart av trusselnivåa for antibiotikaresistens: individuelt, nasjonalt og globalt.

Bekymring for antibiotikaresistens og terror

Tabellen viser fordelinga av respondentane sine individuelle, nasjonale og globale bekymringar for antibiotikaresistente (AR) bakteriar for ulike nivå av bekymring for terrorangrep i Noreg.

Panel A: Individuell bekymring for AR og bekymring for terror

Terror \ AR	AR				
	Ikke en trussel	Lite alvorlig	Noe alvorlig	Alvorlig	Svært alvorlig
Ikke i det hele tatt	23 %	23 %	26 %	16 %	12 %
I liten grad	6 %	29 %	28 %	24 %	14 %
I noen grad	3 %	23 %	30 %	25 %	19 %
I stor grad	9 %	17 %	19 %	29 %	25 %
I svært stor grad	6 %	12 %	39 %	24 %	20 %

Panel B: Nasjonal bekymring for AR og bekymring for terror

	Ikke en trussel	Lite alvorlig	Noe alvorlig	Alvorlig	Svært alvorlig
Ikke i det hele tatt	5 %	12 %	17 %	25 %	42 %
I liten grad	1 %	3 %	21 %	43 %	33 %
I noen grad	0 %	3 %	13 %	40 %	43 %
I stor grad	1 %	2 %	13 %	31 %	54 %
I svært stor grad	0 %	8 %	12 %	25 %	55 %

Panel C: Global bekymring for AR og bekymring for terror

	Ikke en trussel	Lite alvorlig	Noe alvorlig	Alvorlig	Svært alvorlig
Ikke i det hele tatt	4 %	1 %	13 %	9 %	72 %
I liten grad	0 %	1 %	5 %	24 %	69 %
I noen grad	0 %	1 %	3 %	21 %	74 %
I stor grad	0 %	0 %	4 %	19 %	77 %
I svært stor grad	0 %	3 %	2 %	25 %	69 %

Bekymring for dei individuelle konsekvensane av antibiotikaresistens ser ut til å vere positivt korrelert med bekymring for framtidig terrorangrep. Delen av respondentar som oppfattar individuelle konsekvensar av antibiotikaresistens som «noe alvorlig», «alvorlig» eller «svært alvorlig» aukar frå 54% blant respondentane som «ikke i det hele tatt» er bekymra for terror

til 83% for dei som «i svært stor grad» er bekymra for terror. Majoriteten som oppfattar dei nasjonale og globale konsekvensane av antibiotikaresistens som «noe alvorlig», «alvorlig» eller «svært alvorlig» er høvesvis over 84% og 95% for alle nivå av terrorbekymring. Dette gjer det vanskeleg å observere noko forhold mellom nasjonal og global bekymring for antibiotikaresistens og bekymring for framtidige terrorangrep.

Bekymring for antibiotikaresistens og klimaendringar

Som nemnt innleiingsvis i denne seksjonen er både klimakrisa og AMR saktebrennande kriser som vi først vil sjå konsekvensane av i framtida. Som med bekymring for framtidige terrorangrep, skal vi i denne delen undersøke korleis oppfatta alvorlegheitsgrad av antibiotikaresistens på individuelt, nasjonalt og globalt nivå samvarierer med graden av bekymring for klimaendringane. Dette er illustrert i tabellen under, og spørsmålet om bekymring for klimaendringar var som følger:

Kor bekymra er du for klimaendringar?

Bekymring for antibiotikaresistens og klimaendringar

Tabellen viser fordelinga av respondentane sine individuelle, nasjonale og globale bekymringar for antibiotikaresistente (AR) bakteriar for ulike nivå av bekymring for klimaendringar.

Panel A: Individuell bekymring for AR og bekymring for klimaendringar

Klima	AR				
	Ikke en trussel	Lite alvorlig	Noe alvorlig	Alvorlig	Svært alvorlig
Ikke bekymret i det hele tatt	22 %	21 %	31 %	12 %	13 %
Lite bekymret	9 %	27 %	35 %	18 %	11 %
Noe bekymret	5 %	26 %	26 %	25 %	19 %
Bekymret	3 %	26 %	24 %	31 %	16 %
Svært bekymret	4 %	15 %	29 %	24 %	27 %

Panel B: Nasjonal bekymring for AR og bekymring for klimaendringar

	Ikke en trussel	Lite alvorlig	Noe alvorlig	Alvorlig	Svært alvorlig
Ikke bekymret i det hele tatt	4 %	11 %	16 %	21 %	47 %
Lite bekymret	1 %	7 %	21 %	40 %	31 %
Noe bekymret	1 %	3 %	18 %	38 %	41 %
Bekymret	0 %	1 %	14 %	43 %	41 %
Svært bekymret	0 %	1 %	10 %	40 %	49 %

Panel C: Global bekymring for AR og bekymring for klimaendringar

	Ikke en trussel	Lite alvorlig	Noe alvorlig	Alvorlig	Svært alvorlig
Ikke bekymret i det hele tatt	2 %	3 %	10 %	18 %	66 %
Lite bekymret	1 %	1 %	9 %	28 %	61 %
Noe bekymret	1 %	0 %	4 %	24 %	71 %
Bekymret	0 %	2 %	3 %	20 %	76 %
Svært bekymret	0 %	0 %	2 %	12 %	86 %

Vi ser det same mønsteret mellom klimabekymring og oppfatta alvorlegheitsgrad for antibiotikaresistens som for redsel for nytt terrorangrep. Jo meir bekymra respondentane er for klimaendringar, jo større del oppfattar antibiotikaresistens som «noe alvorlig», «svært alvorlig» eller «alvorlig» for seg sjølv. I motsetnad til bekymring for terror, ser vi også ein positiv korrelasjon mellom oppfatta nasjonal alvorlegheitsgrad av antibiotikaresistens og bekymring for klimaendringar. Delen av respondentar som oppfattar nasjonale konsekvensar av antibiotikaresistens som «alvorlig» eller «svært alvorlig» aukar frå 68% blant respondentane som «ikke i det hele tatt» er bekymra for klimaendringar til 89% for dei som er «svært bekymret». Dei globale konsekvensane av antibiotikaresistens blir sett på som

«svært alvorlig» av ein så stor majoritet av respondentane, på tvers av dei ulike nivåa av klimabekymring, at det ikkje verkar å eksistere noko forhold mellom dei to bekymringane.

Bekymring for antibiotikaresistens og tillit til koronahandteringa

Så langt har vi sett på bekymring for to framtidige kriser kryssa med oppfatta alvorlegheitsgrad av antibiotikaresistens, og funne nokre samanhenger. Vi skal no sjå nærmare på handteringa av koronapandemien. Som nemnt tidlegare, skil koronapandemien seg ut blant dei øvrige krisene ettersom denne inntraff med full kraft nærast utan forvarsel. I dag reknast også krisa for å vere delvis over. WHO (2023) vurderer til dømes ikkje lenger Covid-19 som ein folkehelsenødsituasjon av internasjonal bekymring, og har redefinert viruset til eit pågåande helseproblem. Å undersøke borgarane sin bekymring ovanfor koronapandemien blir dermed noko feil. Vi har heller valt å sjå nærmare på kva for ein tillit borgarane hadde til myndigheitene sin handtering av krisa. Høg tillit kan i denne samanheng moglegeins henge saman med ein høgare oppfatta alvorlegheitsgrad av pandemien. Ettersom både koronapandemien og AMR er helserelaterte kriser, kan ein samanheng her vere interessant. Er det for eksempel slik at borgarar som har høg tillit til myndigheitene si handtering av koronapandemien også har høgare oppfatta alvorlegheitsgrad av antibiotikaresistens? I denne delen undersøker vi dette nærmare, og tabellen under viser korleis oppfatta alvorlegheitsgrad av antibiotikaresistens på individuelt, nasjonalt og globalt nivå samvarierer med respondentane sin tillit til myndigheitene si handtering og beredskap for koronapandemien. Påstanden respondentane vart bedt om å svare på var som følgjande:

Eg har tillit til måten nasjonale myndigheiter handterer og har beredskap for koronapandemien.

Bekymring for antibiotikaresistens og tillit til koronahandtering

Tabellen viser fordelinga av respondentane sine individuelle, nasjonale og globale bekymringar for antibiotikaresistente (AR) bakteriar for ulike nivå av tillit til norske myndigheiter si handtering av og beredskap for koronapandemien.

Panel A: Individuell bekymring for AR og tillit til koronahandtering

Koronatillit	AR				
	Ikke en trussel	Lite alvorlig	Noe alvorlig	Alvorlig	Svært alvorlig
Helt uenig	16 %	40 %	25 %	14 %	5 %
Uenig	12 %	23 %	32 %	17 %	17 %
Verken enig eller uenig	5 %	29 %	24 %	24 %	17 %
Enig	5 %	23 %	28 %	26 %	18 %
Helt enig	4 %	16 %	29 %	29 %	22 %

Panel B: Nasjonal bekymring for AR og tillit til koronahandtering

	Ikke en trussel	Lite alvorlig	Noe alvorlig	Alvorlig	Svært alvorlig
Helt uenig	3 %	5 %	31 %	33 %	28 %
Uenig	2 %	8 %	15 %	32 %	43 %
Verken enig eller uenig	1 %	4 %	21 %	37 %	38 %
Enig	0 %	2 %	13 %	43 %	41 %
Helt enig	1 %	5 %	14 %	32 %	49 %

Panel C: Global bekymring for AR og tillit til koronahandtering

	Ikke en trussel	Lite alvorlig	Noe alvorlig	Alvorlig	Svært alvorlig
Helt uenig	3 %	4 %	9 %	18 %	67 %
Uenig	1 %	5 %	10 %	21 %	64 %
Verken enig eller uenig	0 %	0 %	6 %	20 %	73 %
Enig	0 %	0 %	3 %	23 %	74 %
Helt enig	1 %	0 %	3 %	19 %	77 %

Frå panel A og B kjem det fram at jo meir tillit respondentane har til nasjonale myndigheiter si handtering og beredskap for koronapandemien, jo meir bekymra er dei for den individuelle og nasjonale effekten av antibiotikaresistens. Igjen er dei globale konsekvensane av antibiotikaresistens sett på som «svært alvorlig» av ein så stor majoritet at det ikkje kan observerast eit forhold mellom haldningane til dei to krisene i panel C.

Oppsummering

I dette notatet har vi presentert ei oversikt over norske medborgarar sine haldningar til og kunnskapar om antibiotika og antibiotikabruk. Vi har også sett nærmare på om det er slik at

nokon er meir bekymra for kriser og andre utfordringar enn andre. Globalt er antibiotikaresistens eit aukande problem og ei av dei største framtidige folkehelseustruslane vi står ovanfor. Vi har også undersøkt korleis den oppfatta alvorlegheitsgrada av antibiotikaresistens hos medborgarane samvarierer med tre andre kriser og utfordringar: framtidige terrorangrep, klimakrisa og handteringa av koronapandemien.

Respondentane viser og oppgjev at dei har god kunnskap om antibiotika og antibiotikabruk. Ni av ti innbyggjarar veit at antibiotika verkar mot bakterieinfeksjonar. Respondentane oppgjev også at dei har god kjennskap til råd frå helsemyndigheitene – inkludert antibiotikabruk. Når det gjeld smitte av antibiotikaresistente bakteriar, svarer ein større del av respondentane at dei er meir bekymra for å bli smitta enn å smitte andre med slike bakteriar. Ved spørsmål om smitte ved reiser i Europa, oppgjev også ein større del av respondentane at dei tenker at det er meir sannsynleg å bli smitta ved reiser til/i Sør- og Aust-Europa. Ved spørsmål om antibiotikaresistens, svarer over 80% av respondentane at dei er bekymra for dette. Ein større del svarer at dei er bekymra når ordlyen i spørsmålet nyttar seg av klarspråk som forklarar kva antibiotikaresistens er, enn når fagomgrepet «antibiotikaresistens» er nytta. Ved spørsmål om regulering av antibiotikabruk, meiner medborgarane at følgjande aktørar har mest ansvar: nasjonale fagmyndigheiter, helsepersonell, nasjonale politiske myndigheiter og verdas helseorganisasjon.

I dette notatet har vi også forsøkt å forstå medborgarane sine haldningar til antibiotikaresistens ved å sjå dette i samheng med andre kriser. Respondentane sin oppfatta alvorlegheitsgrad for dei individuelle konsekvensane av antibiotikaresistens er positivt korrelert med bekymring for framtidige terrorangrep i Noreg, bekymring for klimaendringar og tillit til nasjonale myndigheiter sin handtering og beredskap for koronapandemien. Den oppfatta alvorlegheitsgraden av antibiotikaresistens for Noreg er også positivt korrelert med klimabekymring og tillit til handteringa av koronapandemien, men ser ut til å vere uavhengig av terrorbekymring. Ingen korrelasjon kan observerast mellom



bekymring for dei globale konsekvensane av antibiotikaresistens og bekymring for terror, klimaendringar eller tillit til handteringa og beredskapen for koronapandemien.

Litteratur

World Health Organization. 2015. Global Action Plan On Antimicrobial Resistance. World Health Organization. <https://apps.who.int/iris/handle/10665/193736>

World Health Organization. 2023. Statement on the fifteenth meeting of the IHR (2005) Emergency Committee on the Covid-19 pandemic. Updated May 5th, 2023. [https://www.who.int/news/item/05-05-2023-statement-on-the-fifteenth-meeting-of-the-international-health-regulations-\(2005\)-emergency-committee-regarding-the-coronavirus-disease-\(covid-19\)-pandemic](https://www.who.int/news/item/05-05-2023-statement-on-the-fifteenth-meeting-of-the-international-health-regulations-(2005)-emergency-committee-regarding-the-coronavirus-disease-(covid-19)-pandemic)